

Innhald

Innleiring	2
Semantikk vs. syntaks	2
Kva er semantiske roller?	2
Kor mange roller finst?	3
Idiosynkratisk og strukturell kasus.....	5
Semantiske roller og kasus i norrønt – døme og drøfting	5
Verb med genitivsobjekt	5
1. (Nom + Vb + Gen)	6
2. (Nom + Vb + Dat + Gen)	7
3. (Nom + Vb + Akk + Gen)	7
Verb med dativsobjekt	8
4. (Nom + Vb + Dat)	8
5. (Nom + Vb+ Dat + Dat)	9
6. (Nom + Vb + Dat + Akk)	9
7. (Nom + Vb + Akk + Dat).....	10
Verb med akkusativobjekt:.....	11
8..(Nom + Vb + Akk + Akk).....	11
Konklusjon	11
Litteraturliste:	13
Vedlegg	14

Innleiing

Det norske språket har flytta seg langt frå det norrøne språksteget, då me framleis hadde fire kasus; nominativ, dativ, akkusativ og genitiv. Typisk står subjektet i norrønt i nominativ, det direkte objektet i akkusativ og det indirekte objektet i dativ. Men når kasusa vert utløyste av til dømes verb kan det oppstå uventa objektskasus, til dømes genitiv. Kva forårsaker dette? Er det mogleg å føreseie objektskasus? Kan direkte objekt i genitiv/dativ ha nokre sams semantiske eigenskapar, eller er objektskasus knytt til kvart einskild verb, altså ein såkalla idiosynkratisk eigenskap?

I denne oppgåva vil eg freiste å undersøkje semantikken – den underliggende tydinga - rundt uventa objektskasus, utløyst av norrøne fleirverdige verb. Eg vil gå gjennom det eg meiner er den mest relevante teorien knytt til syntaks og semantikk, med særleg fokus på semantiske roller og kasus. Deretter vil eg analysere ei rekkje norrøne setningar i von om å svare på følgjande problemstilling:

I norrøne to- og treverdige verb, finst det ein samanheng mellom dei semantiske rollene som vert delte ut til objekt i same kasus?

Semantikk vs. syntaks

For å forstå semantiske roller er det viktig å ha skilnaden på syntaks (setningslære) og semantikk (tydingslære) i bakhovudet. Ta til dømes setninga: *Kari sender brevet*. Syntaktisk rommer verbet *sende* i denne setninga eitt objekt, *brevet*, men semantisk rommer *sende* fleire deltakarar som ikkje er ‘synlege’ i setninga, nemleg mottakaren av brevet. Fordi *sende* tek syntaktiske objekt, seier me at det er eit transitivt verb. Men dei semantiske objekta går inn under valensen, eller argumentstrukturen til verbet. Valens er knytt til dei semantiske deltakarane – også kalla argumenta eller nominale ledd - som vert uttrykte for å gjere ei setning grammatikalsk, medrekna subjektet i setninga. Med sine to objekt (brevet og den brevet vert sendt til) vert *sende* difor *ditransitivt*, men fordi det impliserer fleire semantiske deltakarar, vert det samstundes *trivalent*.

Kva er semantiske roller?

Den første som freista å kome fram til eit universelt sett med semantiske roller var lingvisten Charles J. Fillmore, som i artikkelen *The Case for Case* frå 1968 la fram seks ‘kasus’ som han seinare utvida til åtte. At Fillmore kalla dei første semantiske rollene sine for ‘kasus’, er ikkje

tilfeldig, ettersom semantiske roller har mykje sams med kasussystemet i ulike språk, mellom anna norrønt. Som Blake (2001) skriv, jobba Fillmore med djupstruktur-kasus som uttrykte ‘underlying syntactic-semantic relationships’ (s.66), altså eit uttrykk for noko meir enn berre dei syntaktiske relasjonane i ei setning. Kasus i seg sjølv vert ifølge Haugen (2013) brukt til å skildre kva funksjon eit nominalt ledd (subjekt, predikativ, objekt og så vidare) har i ei setning (s.92). I denne oppgåva vil eg sjå på tilfella der verbet deler ut semantiske roller til dei ulike nominale, eller substantiviske ledda¹. Jamfør *Kari i Kari sender brevet* som tydeleg har ei anna rolle som avsendar enn *brevet* som vert sendt. Ein seier gjerne at *Kari*, som opphavsmann til verbhandlinga, har rolla agens og *brevet*, som den verbhandlinga går utover, rolla patiens. Alt dette vert avgjort av omgrepene til det fleirverdige verbet *sende*. Ein kan dermed seie at semantiske roller vert ei ‘djupare’ skildring av det som skjer i setninga, der ein tolker den faktiske tydinga til dei ulike ledda. Eg vil gå nærmare inn på kva semantiske roller som finst og definisjonen deira nedanfor.

Kor mange roller finst?

Heilt sidan det vart retta ekstra åtgaum mot semantiske roller blant grammatikarar på sekstitallet, har mengda roller vore omdiskutert. Sidan har fleire grammatiske skular, som til dømes Government & Binding og Lexical Functional Grammar², erkjent semantiske roller som ein del av teorien sin, men ein finn ulike innfallsvinklar til kva roller det skal vere, både kor mange og kva innhald dei skal ha. Ei av årsakene til at lingvistar er usamde om kva semantiske roller som finst, er at det kan vere vanskeleg å avgjere kor mykje ei rolle skal favne. Blake (2001) bruker dømet *The pelican watched the fish* til å illustrere nett dette (s.70). Pelikanen kan ein ganske sikkert kalle agens i setninga, men ettersom fisken ikkje nødvendigvis er klar over at han vert sett på, kan det diskuterast om han er patiens, eller objektiv (sjå definisjon nedanfor).

Eg har valt å forhalde meg ganske teoriuavhengig i denne oppgåva, og å jobbe med dei ‘vanlegaste’ semantiske rollene som vert forbundne med verb. Desse rollene er agentiv, perceptiv, benefaktiv, objektiv og instrumental. Ifølgje Haugen (2013) er instrumental ei typisk adverbial rolle, som altså ofte vert uttrykt ved hjelp av ein preposisjon (s.217). Men fordi ho ofte vert uttrykt i samband med verbhandlinga, og fordi Kristoffersen (1991) bruker ho i

¹ Også andre kategoriar, som preposisjonar og adverb, kan dele ut semantiske roller, men eg har valt å sjå bort frå dei i denne oppgåva.

² Dette er teorien Kristian Emil Kristoffersen tek utgangspunkt i, og går i dybba med i masteroppgåva si, som eg bruker mykje i denne oppgåva.

masteroppgåva si, har eg likevel valt å ta ho med i denne oppgåva. Eg vil gå nærmare inn på kvar enkelt rolle i det følgjande.

Agentiv eller agens er, som sett ovanfor, rolla til den som utfører handlinga i ei setning. Ifølgje Kristoffersen (1991) er agentiv gjerne ein animat - altså levande - deltar, og det vert nokre gonger skilt mellom agentiv og volitiv, altså at handlinga er utført med vilje (s.32.). Ikkje-volitiv kan òg bli løyst med instrumental rolle, og det er det eg går ut frå i denne oppgåva. Agentiv vert typisk uttrykt med nominativ.

Instrumental rolle viser altså til ikkje-animate årsaker eller middel til ei handling. På norrønt vert instrumental typisk uttrykt med dativ.

Benefaktiv rolle, eller benefisienten, er den som vinn eller taper noko på verbhandlinga, typisk uttrykt med dativ eller stundom nominativ på norrønt.

Perseptiv er rolla til den som sanser eller opplever noko, jamfør engelsk ‘perceive’. Denne rolla kan tidvis likne på benefaktiv, men Kristoffersen (1991) skriv at ein kan skilje dei to med at den som har perceptiv rolle gjerne er medviten om at han/ho opplever noko (som pelikanen i *The pelican watched the fish*), medan dette ikkje er nødvendig for benefaktiv (s.33). Perseptiv kan bli uttrykt både i nominativ, dativ eller akkusativ.

Objektiv er den vidaste rolla, og kan uttrykkast med alle fire kasus, men som Haugen (2013) skriv, med ei mogleg overvekt på akkusativ (s.218). Objektiv vert definert som rolla til den eller det som vert påverka av verbalhandlinga. Dette kan til forveksling likne på benefaktiv, men Kristoffersen (1991) skriv at «*forholdet mellom objektiv og benefaktiv rolle kan sjåast ut frå kva konsekvensar verbalhandlinga får for referenten til det objektive/benefaktive leddet*» (s.36). Dette kjem klårt fram i setningsdømet han bruker:

BEN OBJ

*Ok lét færa henni hvern dag litið brauð*³ (Kristoffersen 1991, s.36)

Her verkar verbhandlinga (*færa*) positivt inn på *henni*, som dermed er referenten for det benefaktive leddet. Ein kan likevel ikkje seie at brødet tjener eller tapar på å bli ført til *henni*,

³ ‘Lat det bli ført litt brød til henne kvar dag’

men berre vert fysisk utsett for verbhandlinga. Altså kan me konkludere med at *litið brauð* er referenten for det objektive leddet.

Idiosynkratisk og strukturell kasus

I problemstillinga til denne oppgåva vert det sagt at eg skal sjå på samanhengen mellom semantiske roller realisert av objekt i same kasus. Det er då gjerne dei *uventa* kasustilfella eg vil sjå på, og det vert relevant å sjå på skilnaden mellom strukturell og leksikalsk, eller idiosynkratisk kasus. Strukturell, eller funksjonell kasus, omfattar nominativ (på subjekt) og akkusativ (på direkte objekt), og gjeld såkalla umarkert kasustildeling⁴ (Kristoffersen 1991, s.65). Dette er altså den ‘forventa’ kasusfordelinga. Men kasus som vert utløyst av verb, preposisjonar eller adverb vert på si side kalla idiosynkratisk eller leksikalsk kasus, og kan utløyse tilsynelatande uføreseielege kasus. Slik kan ein seie at eit verb som *brjóta* har strukturell kasus, ettersom det tek objekt i akkusativ. Her er det altså ikkje verbet som utløyser kasus, men sjølv setningskonstruksjonen. I verb som *leita* og *lúka*, som tek høvesvis objekt i genitiv og dativ, finn me døme på idiosynkratisk kasus, ettersom det er verbet i seg sjølv som utløyser kasusa. Kan ein finne semantiske årsaker til at dette skjer? Ved å undersøkje dei semantiske rollene som er knytt til objekta kan ein kanskje kome nærmare eit svar.

Semantiske roller og kasus i norrønt – døme og drøfting

I det følgjande vil eg sjå på om objekt som står i anna kasus enn akkusativ – altså objekt med leksikalsk/idiosynkratisk kasus - kan ha ein samanheng med dei semantiske rollene som vert tilordna, og freiste å finne nokre mønster. Verba er delte opp i nummererte grupper, og kasus og semantisk rolle markert med forkortinger i omsetjingane. Eg har teke utgangspunkt i nokre utvalde verb frå verbrammer sette opp i Haugen (2013)⁵, og laga setningar ut frå dei oppslagа der eg fant dei mest høvelege setningsdøma. Setningane nedanfor er difor tekne både frå Norrøn Ordbok (2015) og Fritzners ordbok på nett, forkorta til høvesvis NO og F.

Verb med genitivsobjekt

Toverdige:

⁴ Allereie i innleiinga refererte eg til umarkert kasus, altså at ein ‘forventer’ at subjektet står i nominativ, direkte objekt i akkusativ og indirekte objekt i dativ.

⁵ Sjå full oversikt i bilag.

1. (Nom + Vb + Gen)

1. *Fá konu*⁶

Få kone-GEN.OBJ (bli gift)

2. *Gá sín*⁷

Gå seg-GEN.OBJ (ta vare på seg sjølv, sjå seg føre)

3. *Jón geymdi sín lítt*⁸

Jón vokta seg-GEN.OBJ litt

4. *Hefna sín*⁹

Å hemne seg-GEN.OBJ

5. *Svá misti ek aldri manns fyrr*¹⁰

Slik miste eg aldri ein mann-GEN.OBJ før

6. *H. sigldivestr í haf ok leitaði Íslands*

H. segla vestover på havet og leita etter Island-GEN.OBJ

7. *Ekki nýtr solar*¹¹

Man får ikke sol-GEN.OBJ

I denne gruppa er det tydeleg at det er objektiv rolle på genitivsledda som er hovudmønsteret. Ein kan bli i tvil om objekta til døma *gá* (2), *geyma* (3) og *hefna* (4) er benefaktive eller objektive, fordi det personlege pronomenet peikar tilbake på subjektet. Men om ein gjer om *hefna*-dømet til *hefna broður síns*¹², vert det tydelegare at objektet korkje vinn eller taper på handlinga (sjølv om subjektet gjer det), altså må det seiast å ha objektiv rolle. Det same kan me gjere med *geyma* og *gá*; om me bytter ut objektet med noko som ikkje peikar tilbake på subjektet, til dømes *geyma hjarðar* ‘buskap’ og *hann gár hennar* ‘han legg merke til henne’, vert det litt tydelegare at det ikkje trong å vere eit medvite forhald mellom subjektet og objektet, noko som ifølge Kristoffersen (1991, s.34) kan brukast til å skilje objektiv frå mellom anna perseptiv rolle. Dermed fell objekta til desse verba òg inn under objektiv rolle. I alle dei andre

⁶ NO, s.v. *fá* ‘få’

⁷ NO og F, s.v. *gá* ‘gå’

⁸ F, s.v. *geyma* ‘vakte seg’

⁹ NO, s.v. *hefna* ‘hevne’

¹⁰ F, s.v. *missa* ‘miste’

¹¹ F, s.v. *njóta* ‘nyte, ha godt’

¹² F, s.v. *hefna*

døma kan det sjå ut som at objektiv rolle vert brukt i høve der genitiv kasus uttrykkjer ein form for mangel eller fullbyrding, jamfør *å miste ein mann*, *å leite etter eit land* osv.

Treverdige:

2. (Nom + Vb + Dat + Gen)

1. *Afla sér fjár ok frægðar*¹³

Vinne seg-DAT.BEN rikdom-GEN.OBJ og ære-GEN.OBJ

2. *Peir skyldu leita sér trausts til*

Dei skulle leite seg-DAT. trøyst-GEN.OBJ

3. *Vil ek, at þú ljáir mér tómstundar til at finna Gizur*¹⁴

Eg vil at du gir meg-DAT ein ledig stund-GEN.OBJ til å finne Gizur

4. *Allvel ann ek þér nafns þessa*

Vel unner eg deg-DAT dette-GEN namnet-GEN.OBJ

I denne verbgruppa er det litt lettare å avgjere dei semantiske rollene på genitivsobjekta, og mønsteret frå gruppe 1 vert bekrefta, altså at genitivsobjekt realiserer objektiv rolle. Det er interessant å merke seg at *leita* kan ta både eitt og to objekt, men at det berre tek direkte objekt i genitiv, altså har det direkte objektet her idiosynkratisk kasus. I tillegg er dei fleste av desse verba refleksive, men med to objekt (i motsetnad til i verbgruppe 1) vert det lettare å avgjere kva roller som vert realiserte. Som i den første gruppa ser me også her at genitiv vert brukt for å uttrykke ei form for fullbyrding av ein slags mangel, jamfør ‘gi meg ei ledig stund’, ‘vinne seg rikdom’. Ifølge Kristoffersen (1991) kan dette forklaraast med at genitiv her uttrykker eit partitivt forhold altså ein del av ein heilheit - og at det er historisk grunna (s.99).

3. (Nom + Vb + Akk + Gen)

1. *Eigi skal lengi litils biðja*¹⁵

Ein skal ikkje be langt-AKK om lite-GEN.OBJ

2. *Eigi skalt þú þat gera at dylja bik sjalfan sanninda*¹⁶

¹³ NO, s.v. *afla* ‘vinne’

¹⁴ F, s.v. *ljá* ‘låne ut’, ‘gi’

¹⁵ F, s.v. *biðja* ‘be’

¹⁶ F, s.v. *dylja* ‘skjule’

Ikkje skal du slik gjere at du døljer frå deg-AKK sjølv-AKK sanninga-GEN.OBJ (dvs. sanninga frå deg sjølv)

3. *Pú fyllir mik harms¹⁷*

Du fyller meg-AKK [med] sorg-GEN.OBJ

4. *Krefja búendr liðs¹⁸*

Kreve bønder-AKK.PL mannskap-GEN.OBJ (dvs. mannskap frå bøndene)

Her gjeld stort sett det same semantisk sett som i gruppe 2, men her tek verbet til seg to direkte objekt; eit personobjekt i akkusativ (sjølv om *lengi* i døme 1 kan tolkast litt friare) og eit gjenstandsobjekt i genitiv.

Verb med dativsobjekt

Toverdige:

4. (Nom + Vb + Dat)

1. *Bregða sér sjúkum¹⁹*

Skape seg-DAT.BEN/gjere seg-DAT sjuk-DAT

2. *Petta eirir honum eigi²⁰*

Dette gavnar han-DAT.BEN ikkje

3. *Fagna vetri²¹*

Ta imot vinteren-DAT.OBJ (ifølgje ordboka med ein fest)

4. *Halda munni sínum²²*

Holde munnen-DAT.OBJ sin-DAT

5. *Hjalpa qnd sinni²³*

Berge livet-DAT.BEN sitt-DAT

6. *Stjórnar öllu ríki sínu²⁴*

Styrer heile-DAT riket-DAT.OBJ sitt

¹⁷ F, s.v. *fylla* ‘fylle’

¹⁸ F, s.v. *krefja* ‘kreve’

¹⁹ NO, s.v. *bregða* ‘skape seg’

²⁰ NO, s.v. *eira* ‘vere til gavn’

²¹ NO, s.v. *fagna* ‘glede seg’, ‘ta i mot’

²² NO, s.v. *halda* ‘holde’

²³ NO, s.v. *hjalpa* ‘hjelpe’, her: ‘berge’ eller ‘frelse’

²⁴ F, s.v. *stjórna* ‘styre’

7. *Týna ɔndu*²⁵

Miste livet-DAT.OBJ

8. *Ek má eigi valda sverðinu*²⁶

Eg må ikkje bruke sverd-DAT.INSTR

I denne gruppa er det langt meir variasjon i kva semantiske roller dei ulike objekta realiserer. Det kan dermed sjå ut som at det ikkje er samanheng mellom kasus og semantikk, men at det er idiosynkratiske eigenskapar ved kvart einskild verb som utløyser kasus i denne verbgruppa. Eg synest likevel at eg ser ei form for mønster i setningane, i og med at mange av dei er satte, og ganske abstrakte uttrykk, jamfør ‘å halde munn’ og ‘ta imot vinteren’, og det kan ikkje vere tilfeldig at alle objekta står i dativ. Ein kan difor spyrje seg om dativen i desse døma representerer språkhistoriske tidlegare kasus. Ifølge Haugen (2013) var det i indoeuropeisk eigne kasus for instrumental, ablativ (typisk rørsle *frå*), lokativ (typisk rørsle *til*) og rein dativ, men alle desse fall saman til dativ i norrønt (s.260). Dette kan forklare at det er like kasus, men stor variasjon i roller.

Treverdige:

5. (Nom + Vb+ Dat + Dat)

1. *Heita e-m konu*²⁷

Love nokon-DAT.BEN kone-DAT.OBJ

2. *Engum trygðum vildi lofa eða heita þeim*²⁸

Ingen-DAT truskap-DAT.OBJ ville [han] gi løfte om eller love dei-DAT.BEN

I denne gruppa er det påfallande at begge verba Haugen bruker som døme tyder ‘love’.

Berre ut frå det kan det sjå ut som at semantikken har noko å seie for kva kasus desse objekta vert realiserte i.

6. (Nom + Vb + Dat + Akk)

1. *Bera e-m e-t*²⁹

²⁵ NO, s.v. *týna* ‘miste’

²⁶ F, s.v. *vald* ‘råde over, makte’

²⁷ F, s.v. *heita* ‘love’

²⁸ F, s.v. *lofa* ‘love’

²⁹ NO, s.v. *bera* ‘bere’

Bere nokon-DAT.BEN noko-AKK.OBJ

2. *Gefr e-m e-t*³⁰

Gi nokon-DAT.BEN noko-AKK.OBJ

I denne gruppa finn me også *bjoða* ‘by’, *gera* ‘gjere’, *kenna* ‘lære’, *segja* ‘seie’, *selja* ‘selje’, *gje*’ og *veita* ‘gje lov til, la få’. Dei utløyser alle den kasusen ein ‘forventar’, altså strukturell kasus på direkte objekt. Eg har likevel teke med døme frå denne kategorien fordi ein ser tydelege benefisientar i form av dei indirekte objekta, samstundes som at dei direkte objekta realiserer objektiv rolle. Vidare er denne gruppa interessant i samanlikning med neste verbgruppe.

7. (Nom + Vb + Akk + Dat)

1. *Nú skal ekki leyna þik því, er mér býr í skapi.*³¹

No skal eg ikkje gjøyme for deg-AKK.BEN det-DAT.OBJ eg har i sinne

2. *Nema e-n e-u*³²

Frarøve nokon-AKK.BEN noko-DAT.OBJ.

3. *Eigi munut þér vilja ræna mik lögum*³³

Du kan ikkje ville ta frå meg-AKK.BEN min lovlege rett-DAT.OBJ

I denne gruppa har me å gjere med to direkte objekt, der personobjektet står i akkusativ og gjenstandsobjektet står i dativ. Om ein ser denne gruppa i samband med gruppe 6 vert det tydeleg at dei er veldig like setningsstrukturar, og objekta har dei same semantiske rollene trass i at kasusa er ulike.³⁴ Det kan òg vere interessant å merke seg at handlingane i verbgruppe 7 er meir eller mindre ‘motsett’ dei i gruppe 6. I gruppe 6 gagnar eller mottek benefisienten noko på verbandlinga (jamfør *gi*, *seie*, *lære* osv.), men i gruppe 7 *tapar* benefisienten like tydeleg noko på handlinga, medan gjenstandsobjektet held ei ganske nøytral, objektiv rolle i begge grupper. Dette vert særleg tydeleg i omsetjinga, der eg på norsk gjerne må legge til preposisjonen *til* i gruppe 6, og *frå* i gruppe 7. Altså er det ein semantisk skilnad på desse

³⁰ NO, s.v. *gefa* ‘gi’

³¹ F, s.v. *leyna* ‘skjule’

³² F, s.v. *nema* ‘frarøve’

³³ F, s.v. *ræna* ‘rane’, ‘frarøve’

³⁴ Noko som er umogleg på norsk; på moderne norsk finn vi berre to objekt når det er snakk om indirekte og direkte objekt i same setning.

setningane, sjølv om dei semantiske rollene er like for både grupper. Denne skilnaden hadde kanskje kome tydelegare fram om eg hadde teke i bruk meir nyanserte semantiske roller i denne oppgåva, til dømes skilt mellom benefaktive deltakarar som vinn og taper³⁵ på verbhandlinga. Ifølgje Nygaard (siteret i Kristoffersen 1991, s.55) kan dativleddet ved desse verba òg ha vore ein tidlegare ablativ kasus.

Verb med akkusativobjekt:

Treverdige

8. (Nom + Vb + Akk + Akk)

1. *Riðu þá at honum ok hjuggu hann stór høgg*³⁶

Han reid då til han og hogde han-AKK.OBJ eit stort hogg-AKK.INSTR

2. *Slá e-n høgg*³⁷

Slå nokon-AKK.OBJ eit slag/hogg-AKK.INSTR

Det siste verbet Haugen lister opp i denne verbgruppa er *ljósta*, og som med gruppe 5 vert det dermed påfallande at alle verba i denne gruppa tyder meir eller mindre det same, i dette høvet ‘å slå, hogge’ (noko eller nokon). Me finn også alle desse verba i gruppa med verbramma nom + vb + akk³⁸, der det direkte objektet som venta står i akkusativ (strukturell kasus). Særskild for denne gruppa er at me finn både det direkte og det indirekte objektet i akkusativ. Ein kan diskutere om det direkte objektet realiserer benefaktiv rolle, men eg vil påstå at fordi ein gjerne slår *på* nokon, og det er vanskeleg å avgjere om vedkommande objekt tener på det eller ikkje, så vert det riktigare med objektiv. Verba er så semantisk like at ein kan gå ut fra at alle objekta i gruppa kan analyserast slik.

Konklusjon

Målet med denne oppgåva var å undersøkje om objektskasus utløyst av fleirverdige verb i norrønt har sams semantiske eigenskapar. I det føregåande har eg vist at det kan vere variasjon i kva semantiske roller som vert realisert av objekt i same kasus, men at uventa kasusbruk stort sett heng i hop med semantikken likevel. Dette vert òg understøtta av Kristoffersen (1991) sin eigen delkonklusjon: “assosiering mellom oblike kasus og roller er semantisk” (s.62). Gjennom

³⁵ Såkalla *malefaktiv* rolle (hentet fra <https://www.naob.no/ordbok/malefaktiv>)

³⁶ F, s.v. *høggva ‘hogge’*

³⁷ F, s.v. *slá ‘slå, hogge’*

³⁸ Kalla verbgruppe 9 i vedlegget. Fordi denne verbgruppa tek objekt med strukturell kasus er det lite relevant for denne oppgåva å ta med setningsdøme frå han, dermed vert han berre referert til.

analysa mi har eg sett at det kjem tydelegast fram i verbrammer med genitivsobjekt (både to- og treverdige), der det kan sjå ut som at genitivsobjekt vert brukt for å uttrykkje ei fullbyrding, ein form for mangel eller partitiv kasus, og alle realiserer objektiv rolle. Verb som berre tek eitt objekt i dativ er meir vanskeleg å avgjere, i og med at objekta realiserer mange ulike roller med lite føreseieleg semantikk. Her kan det vere både idiosynkratiske eigenskapar ved kvart verb som utløyser kasus, eller historiske årsaker. Vidare er verba i rammene nom + vb + dat + dat, nom + vb + akk + dat og nom + vb + dat + akk så semantisk like internt at det ikkje kan vere tilfeldig at objekta deira får dei kasusa dei får. I dei to sistnemnde gruppene meiner eg personobjektet realiserer benefaktiv rolle. Men objekta i desse gruppene høvesvis vinn og tapar på verbhandlinga og er dermed litt semantisk ulike. Eg kunne difor antakeleg ha gjort dei semantiske rollene eg opererer med i denne oppgåva meir nyanserte for å få ei meir presis analyse.

Litteraturliste:

- Blake, B.J. (2001). *Case – second edition*. Cambridge: University Press.
- Dyvik, H. (1986). *Grammatikk og empiri*. Bergen.
- Faarlund, J.T. (1989). *Autostructural analysis*. Trondheim: Department of linguistics.
- Haugen, O.E.. (2013). *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Heggstad L. m.fl. (2015) *Norrøn Ordbok*. Oslo: Det norske samlaget.
- Kristoffersen, E.K. (1991). Masteroppgave: *Kasus, semantiske roller og grammatiske funksjonar i norrønt* (2.utg). Oslo: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap.
- Kristoffersen, E.K. (1993). *Forholdet mellom tematiske roller og syntaktiske funksjonar i norrønt, jamført med tysk og islandsk*. Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet
- Nygaard, M. (1905) *Norrøn syntax*. Oslo: Aschehoug & Co.
- Åfarli, T. & Sakshaug, L. (2006). *Grammatikk: syntaks og morfologi med norsk i sentrum*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lenkjer:**
- Fritzner, J. (2018) *Ordbog over det gamle norske sprog*. Hentet fra
<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=86&tabid=1275>
- Malefaktiv. (2018). *Det Norske Akademis Ordbok*. Hentet fra
<https://www.naab.no/ordbok/malefaktiv>

Vedlegg

Toverdige verb³⁹

9.Nominativ + Vb +

Akk.

Bera

Binda

Bíta

Brjóta

Draga

Døma (ø m aksent)

Eiga

Eta

Gleðja

Grípa

Høggva

Ljósta

Sjá

Segja

Senda

Slá

Spryrja

Telja

Yrkja

1.Nominativ + Vb +

Genitiv

Afla

Biða

Beiða

Fá

Freista

Gá

Geyma

Gæta

Hefna

Leita

Missa

Njóta

Sakna

Sverja

Vitja

4.Nominativ + Vb +

Dativ

Bjarga

Bregða

Bólva

Eira

Eyða

Fagna

Fylgja

Halda

Henta

Hjalpa

Líka

Lítask

Lúka

Møta (ø m aksent)

Ógna

Stjórna

Trúa

Tyna (y m aksent)

Þjóna

Þykkja

Synask (y m aksent)

Una

Unna

Valda

Halda

Leyna

Nema

Ræna

2.Nominativ + Vb + Dat

+ Gen

Afla

Gjálða

Leita

Ljá

Synja

Unna

3.Nominativ + Vb +

Akkusativ +

Genitiv

Beiða

Biðja

Dylja

Eggja

Fylla

Krefja

Minna

Spryrja

8.Nominativ + Vb + Akk

+ Akk

Høggva

Ljósta

Slá

Treverdige verb

6.Nominativ + Vb +

Dativ + Akkusativ

Bera

Bjóða

Gefa

Gera

Kenna

Segja

Selja

Veita

5.Nominativ + Vb +

Dativ +

Dativ

Heita

Lofa

7.Nominativ + Vb +

Akkusativ +

Dativ

³⁹ Haugen 2013, s.225-229